
Fra: Tone Mjelde [mailto:tone_mjelde_90@yahoo.no]

Sendt: 19. mars 2014 21:51

Til: Postmottak HOD

Emne: Høring – reservasjonsordning for fastleger

Høyringsrunde angående reservasjonsordning for fastlegar

Viser til høringsbrev 21.01.2014 om reservasjonsordning for fastlegea. I høyringsbrevet opnes det for at også dei som ikkje står oppført på høyringslista kan gi høyringsuttalelse. Derfor dette brevet.

Eg går på høgskulen i Sogn og Fjordane og utdannar meg til å bli barnevernspedagog og dermed ein del av forvaltninga. Forvaltninga er dei som representerer departementa og regjeringa, og som møter den vanlege mannen i gata kvar einaste dag. Som kommande forvaltar har eg, sjølv om eg berre går fyrste året, allereie lært at ein skal vera lojal mot regjeringa og mot lovane i landet vårt. Det betyr at sjølv om me personlege er uenige med dagens politikk eller lovverk, skal me følge det. Me er ein del av systemet og indirekte valt av folket. Me er ein del av demokratiet.

I Noreg er det i dag lov å ta abort fram til 12. veke. Kvinna bestemmer sjølv over eigen kropp og dette er ein stor og viktig del av kvinners rettigheter. Det trur eg me alle er enige om. Eg meiner dette er ein lov heile samfunnet bør forhalde seg til, og spesielt dei menneska og yrkesgruppene som kan møte kvinner som ynskjer abort. Det går ikkje an å reservere seg mot denne lova.

Eg er ein sterk motstandar av miksing og triksing med religion og stat. Med religion og lovar. Eg meiner desse bør vera adskilt og at religion skal praktiseras i sin eigen heim og sine egne frivillige organisasjonar, ikkje på eit legekontor eller i eit storting. Me har alle verdiar og interesser, som me tek med oss i arbeidet vårt. Desse kan likevel ikkje stå i vegen for det arbeide me skal utføre. Då må me i såfall skifte jobb.

For tida har eg om etikk for sosialarbeidarar på skulen. I boka av Chris Beckett og Andrew Maynard:

"Values and ethics in social work". står det tydelig om profesjonisme:

"Its about playing the role that you signed up to when you joined the profession, and setting aside your own personal feelings and interests where they conflict with that role."

Eg synest det seier alt. Som barnevernsarbeidar skal eg jobbe med all slags mennesker. Det er ikkje sikkert eg kjem til å like alle vala dei har tatt eller vil ta. Kanskje nokre kjem til å vera heilt uforståelige for meg. Men eg kjem ikkje og kan ikkje reservere meg mot det. Det er jobben min. Ein jobb eg har valt.

Ja, til profesjonelle fastlegar. Nei til reservasjonsrett!

Mvh.

Tone Mjelde